



# Klarspråk, nynorsk, utforming av framlegg og vedtak

FOLKEVALDOPPLÆRING 24. OG 25.10.2023



# Kvam herad er ein «nynorsk kommune»

- Det offisielle styringsmålet er nynorsk.
- Alle tilsette i alle kommunale organ pliktar difor å nytta nynorsk skriftspråk i tenesta.
- Kvam herad krev at alle statsorgan nytta nynorsk skriftspråk når dei vender seg til heradet.
- Dialekt er ein vesentleg del av den lokale kulturarven. Å nytta dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Me ser det difor som ei sentral oppgåve å verna om dialekta vår gjennom levande bruk og medviten utvikling av språk og kultur i offentleg verksemd.
- Der det finst valfrie skriftformer, bør me velja den forma som ligg nærast talemålet og såleis nytta a-infinitiv og former som skule, verta, me og då.

# Medlemskap i LNK



Kvam herad er medlem i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har til føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

# Klart språk- kvifor er det viktig?



Med klart språk kommuniserer me på mottakar sine premissar for å fremja demokrati og rettstryggleik. Når mottakar forstår bodskapen i det me skriv, skapar me tillit og sparar tid og pengar

# Kva er klart språk?



- Klart språk skal vera eit korrekt, klart og mottakartilpassa språk som set lesaren først og legg vekt på handling.
- Klart språk gjer at mottakarane forstår og finn det dei treng, og kan bruka informasjonen til å gjera det dei skal gjera.
- Klart språk gjer dokumenta forståelege og tilgjengelege.


# Eigen språkprofil

Å skriva kort og tydeleg er tidkrevjande. Me brukar gjerne faguttrykk og stamnespråk, og kronglar til både bodskap, formuleringar og ordval.

Språkrådet kallar dette for *kansellistil*, eit formelt, snirklete og opphøgd språk.

I Kvam har me laga ein eigen språkprofil som skal gje våre tilsette og folkevalde ei felles forståing for korleis me kommuniserer skriftleg.

# Retningslinjene i språkprofilen byggjer på Språkrådet sine reglar



# Formulering av framlegg til vedtak

- Start med å skriva: Framlegg frå ..../ Fellesframlegg frå .... Sett fram av .... (namnet ditt): ... *tekst i framlegget*

## Døme:

1. Framlegg frå Kristin Lunde, AP: Som rådmannen sitt framlegg/ formannskapet si tilråding med følgjande endring: Ordlyden i pkt. 1 blir erstatta med: *Kvam heradsstyre vedtar at det blir innført ekstra eigedomsskatt for alle innbyggjarane i Kvam med verknad frå 1.1.2024.*
2. *Fellesframlegg frå AP og KrF sett fram av Kristin Lunde, AP: .....*

Hugs at den som legg inn framlegg i møteportalen på vegne av partiet/ partia ved fellesframlegg også er den som må fremja det frå talarstolen.

# Nokre gode råd på vegen ...



## Unngå fagspråk/ stammespråk:

- Brukar du faguttrykk, «stammespråk» eller forkortingar som berre vert forstått av ei avgrensa gruppe, så kan du mista mange på din veg.

## Enkle ord vert forstått.

- Bruk ord som er kjent frå daglegtale. Må du bruka eit vanskeleg ord eller faguttrykk for å vera presis, må du forklara kva ordet tyder.
- Unngå juridiske formuleringar så langt det er mogleg.

## Få fram bodskapen!

Mottakar (dei andre folkevalde, rådmann, administrasjon og publikum) må forstå kva framlegg ditt går ut på og kva du meiner med det.



## Korte setningar er lette å lesa

- Er det mogleg å setja punktum, så gjer det! Del opp lange formuleringar i korte setningar. Byt ut lange, vanskelege ord med enklare ord der det er mogleg.

## Be om hjelp!

- Få andre til å lesa gjennom det du skriv før du sender det i frå deg

## Utforma av vedtaket er viktig for iverksettinga av det

Rådmannen har det øvste ansvaret for å setta i verk vedtak som dei folkevalde vedtar.

(...) Kommunedirektøren skal påse at vedtak som treffes av folkevalgte organer, blir iverksatt uten ugrunnet opphold. Hvis kommunedirektøren blir oppmerksom på faktiske eller rettslige forhold som har sentral betydning for iverksettingen av vedtaket, skal han eller hun gjøre det folkevalgte organet oppmerksom på dette på en egnert måte. (Henta frå kommunelova).

# Utfordringar – innspel - ynskje



*Oppmerksom på faktiske eller rettslige forhold*


- vs *innblanding i politisk debatt og omkamp*
- Tidspunkt – på førehand eller i møte?
- «Ferdig» løysing eller utgreiing?
  - Spør gjerne på førehand
  - Uklart, uvisst og/eller komplekst - utgreiing
  - Orientering i etterkant – politisk omkamp



# Utfordringar – innspel - ynskje

## *Tolking og perspektiv*

- Iverksetjing i fleire ledd – ulikt perspektiv
  - «Uklart» språk – tolking
  - Spør gjerne på førehand
- Tvil om tolking - rådmann spør ordførar
- Nb! Politiske signal vs vedtak



# Utfordringar – innspel - ynskje



*Utan ugrunna opphald – forventningar*

- Ting tar tid!
  - Innkjøpsprosess – minst 6 månader
  - Tilsetjingsprosess – minst 6 månader
  - Planprosess – minst x år
  - **Nb! MEDVERKNADSPROSESS!**
- Portefølgje!
  - «Slukt» av drift – endrings- og utviklingskapasitet
  - Prosjekt
  - Vedtak



# Oppfølging og rapportering på vedtak

- I etterkant av vedtak – fordeling på KOSTRA-tema og ansvarleg eining
- Oppfølging i verksemdstyringssystemet “Framsikt”
- Gjennomgang og rapportering i tertialar (og årsmelding)
- Erfaring frå forrige HST – ofte spørsmål til status i tillegg – nb! ressurskrevjande

2. tertial 2023

Søk... Meny

## Status politiske vedtak

### HST- og FSK-vedtak

Oppdrag	Beskrivning	Status	Beskrivning av status
HST 035/23 Evaluering og endring av barnehageopptak	Kvam heradsstyre endrar barnehageopptak frå 31.07.23. Frå og med opptak frå hausten 2023 vert barnehagane tildelt rammer til bemanning, slik at bemanninga er stor nok til at barnehagane kan gje tilbod om plass gjennom året til dei barnehagen har ledig plass til. Det vert gjort unntak for ei avdeling i Tørvikbygd barnehage, som rådmannen får fullmakt til å vurdera særskilt ved behov. Eventuelle endringar i økonomiske rammer, vert innarbeidd i driftsrammene i samband med tertial og budsjett.	Iht. plan	Frå og med opptak frå hausten 2023 er barnehagane tildelt rammer til bemanning, slik at bemanninga er stor nok til at barnehagane kan gje tilbod om plass gjennom året til dei barnehagen har ledig plass til.

# Ressurssider for folkevalde



På menyvalet *Språk* ([www.kvam.kommune.no](http://www.kvam.kommune.no) Politikk og organisasjon-politikk-for politikarar) finn du lenkjer til Kvam herad sin språkprofil, elektronisk ordbok, administrativ ordliste, meir informasjon om klarspråk, E-læringskurs i klarspråk, Kvam herad sin kommunikasjonsstrategi, og skrивereglar.

For politikarar

Logg inn politikarportalen	Arbeidsvilkår for folkevalde	Spørsmål fra HST-representantar til ordførar og rådmann	Etiske retningslinjer for folkevalde
Språk	Økonomi		

